

Styresak

Går til: Styremedlemmar
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 02.06.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: HR-sjef Berit Berntsen/ Fagdirektør Øystein Torgauten/ Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per april 2014**

Styresak 38/14 (O)

Styremøte 10.06.2014

Forslag til vedtak:

Styret tek rapporten til orientering.

Innhald

1	Oppsummering.....	3
2	Medarbeidarar / HMS	3
2.1	Sjukefråvere.....	3
2.2	Strategisk kompetansestyring	3
2.3	Tal bemanning	4
3	Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi	5
3.1	Viktigaste drivarar for utvikling	5
3.1.1	Sjukehusekspedisjonane (SHE)	5
3.1.2	Publikumsekspedisjonane (PUB)	5
3.1.3	Farmasøytiske tenester (AFT).....	6
3.1.4	Produksjon.....	6
3.1.5	Forsking	6
3.1.6	Teknologi	6
3.2	Utviklingsprosjekt	7
3.2.1	Verksemdsstyring i SAV	7
3.2.2	Miljøsertifisering.....	7
3.2.3	Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys	7
4	Økonomisk utvikling	8
4.1	Resultat per april	8
4.2	Prognose 2014.....	11
4.3	Balanse og kontantstraum	12

1 Oppsummering

HR og organisasjonsavdelinga har fokus på kompetanseutvikling, rekruttering, organisasjonsutvikling, arbeidsmiljø, leing og medarbeidarskap. Dei to store utfordringane ligg i sjukefråvere og rekruttering av leiarar.

Sjukefråveret har sidan 2010 vore svært høgt i SAV. Vi har arbeidd systematisk for å redusere dette, og såg ei positiv utvikling i 2013. Sjølv om sjukefråvere steig noko dei første 3 månadene i år, syner trenden fortsatt nedgang. SAV har derfor tru på eigne tiltak, og fortsetter tett oppfølging av sjukemelde.


Rekruttering er leiarar er utfordrande, og SAV prioriterer strategisk kompetansestyring for å utvikle eigne talent. At SAV legg stor vekt på dette synes klårt i måling av SAV sin bruk av Kompetanseportalen.

Største utfordring på fagområdet er å arbeide med drivarar i dei ulike forretningsområda, slik at ein bygger lik kvalitet i leveransar frå alle apotek, og sikrar effektiv drift og dermed tilstrekkelig inntening. Dette skjer blant anna gjennom prosjektet «Verksemdsstyring i SAV».

SAV har ved utgangen av april ei samla omsetning som 4,6 mill. under budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 2,6 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,5 mill. og 1,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 1,1 mill., noko som er 0,2 mill. under budsjett. SAV syner gjennom dette at ein har god kostnadskontroll, men at ein så langt i år ikkje klarer budsjettet omsetning, og da først og fremst i publikumsekspedisjonane.

2 Medarbeidarar / HMS

2.1 Sjukefråvere




Samla sjukefråvere i april er 6,3 % mot 6,6 % same tid i fjor. Helse Vest samla hadde eit sjukefråvere på 6 % i april. Sjølv om sjukefråvere auka i dei første 3 månadane av 2014 held trend med nedgang siste 2-3 år fram. SAV vil anbefale i FAMU å oppretthalde oppfølging av gradert sjukemeldte (oppfølgingsplan, dialogmøte) sjølv om det ikkje lenger er eit krav i ny IA-avtale frå 1. juli. Oppfølging av hyppig kortids-fråvere held fram.

2.2 Strategisk kompetansestyring

Strategisk kompetansestyring er et satsingsområde i SAV. Dette gjer seg og utslag ved utstrakt bruk av Kompetanseportalen. SAV seier seg likevel ikkje nøgd med eige nivå og forventar betre bruk av portalen, særskild for jobbinstruks og administrasjon av


medarbeidersamtalar. Høg score på CV heng saman med høg aktivitet på kurs registrert i Læringsportalen. SAV jobbar med å legge inn funksjonar på kompetanseplaner og roller.

SAV og Helse Vest




2.3 Tal bemanning

Det er 255 tilsette i SAV i april 2014, og 181 netto månadsverk. Det er budsjettert med 206 årsverk i 2014. Tal siste to år syner at det er stabilitet mellom tal tilsette og netto månadsverk, og ein ligg greitt innanfor personalbudsjett.



Bruk av overtid og meirtid har ein samanheng med totalt fråvere og utviklingsarbeid. Både overtids- og meirtids-timar går ned siste 2 år.



3 Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi

3.1 Viktigaste drivarar for utvikling

3.1.1 Sjukehusekspedisjonane (SHE)

Frå SHE skaffar og leverer SAV dei legemiddel og apotekvarer sjukehusa etterspør. SAV påverkar ikkje etterspurnaden i sjukehusa, men sikrar leveringsberedskap, varelevering (logistikk, inkludert å skaffe varer utanom standard sortiment) og levering av informasjon (kundestøtte). Fokus for effektiv drift i SHE er difor å ta ut gevinstar knytt til investeringa i vareautomatar, og arbeide for effektiv ordrestruktur (TønSys) og logistikk. Kundestøtte må og verte meir effektiv og kunderetta.

3.1.2 Publikumsekspedisjonane (PUB)

Dei fleste kundane i PUB kjem for å kjøpe reseptpliktige eller reseptfrie legemiddel, mens få kjem primært for å kjøpe handelsvarer. Resepten er altså den viktigaste «inndragar» av kundar i PUB, og drivaren for sal i publikumsekspedisjonane.

Marginen på sal av reseptpliktige legemiddel er låg grunna låge legemiddelprisar (fastsett av SLV) høg personalkostnader per ekspedering (relativt høgt tidsbruk per kunde). På handelsvarer er marginen høgare ved fri fastsetting av pris og ved lågare personalkostnad (mindre tid per kunde) per pakning selt. Saman med effektive resept-prosessar er sal av handelsvarer grunnlaget for å kontrollere kostnadane og betra margin i publikumsekspedisjonane.

For å auke talet på kundar som oppsøker publikumsutsala må SAV sjå på desse tiltaka:

- Opningstid: publikumsutsala stenger mellom kl. 1600 og 1630 medan konkurrentane held ope til 20 eller 21. Mange poliklinikkar har opent på kveldstid, og pårørande bør møte eit ope apotek i besøkstida på kvelden.
- Ventetid og ekspedisjonstid må opplevast som meir konkurransedyktige. SAV må legge til rette for at fleir kundar får høve til å kjøpe handelsvarer medan dei ventar.
- SAV må leggje til rette for tilsette på sjukehusa å hente eigne reseptar eller kjøpe handelsvarer i lunsjpausen/ før eller etter arbeidstid.

Aktivitetane kring sal av handelsvarer held fram. SAV vil auka og tilpasse tilbodet på stomi, inkontinens, sårbehandling mm.

3.1.3 Farmasøytiske tenester (AFT)

Her er prismodellen på sal av årsverk og timeverk på plass, og timeføring i bruk.

Fokus er fortsatt tredelt:

- Definere tenestene og beskrive leveransen i kvar teneste betre
- Dokumentere at farmasøytiske tenester er effektive og har konkurransedyktig kostnad
- Tilby og selje tenestene i auka omfang

3.1.4 Produksjon

For tilsetningsproduksjon som cytostatika, TPN og smertepumper er fokus;

- Å vise at SAV leverer konkurransedyktig kvalitet og pris
- Å auke leveringsgraden til sjukehusa og kommunane / enkeltpasientar
- Å redusere kostnadsnivå der det er mulig

3.1.5 Forsking

Dei to D-stillingane arbeider godt med sine forskingsoppgåver. Begge er i rute med omsyn på å søke prosjektmiddel for finansiering i 2015. Fagavdelinga arbeider med grunnlag for å utlyse to nye D-stillingar frå hausten 2014, og tenker denne gangen å være meir styrande i høve til forskingsområda i desse stillingane.

3.1.6 Teknologi

SAV har etablert ein årleg handlingsplan for teknologi og IKT-løysingar for apotekdrift og støttesystem. Handlingsplanen bygger på Helse Vest sin Teknologiplan for 2014 – 2017 og set fokus på teknologi som ein viktig drivar for apotekdrifta.

SAV har over fleire år investert i plukkautomatar, og desse er no i drift i alle apotek unntatt publikumsekspedisjonen i Bergen. SAV fornyar og logistikksystemet med eit felles regionalt logistikksystem (Castor). Castor er no installert i Bergen og drifta er stabil. I Stavanger er installasjon nyleg gjort, men det står att noko tilpassing og opplæring, og systemet må følgjast opp ei periode. Apoteka i Haugesund og Førde er planlagt oppgraderte i løpet av hausten. Dette er ein omlegging som vil gi ennå betre lagerkontroll.

I Helse Vest implementerast nytt bestillingssystem for apotekvarer i alle sjukehus (TønSys). Dette systemet vil forenkle mottak og handsaming av ordre frå sjukehusa samtidig som TønSys fungerer godt saman med Apotekstyrt lager (ASL). Til saman vil TønSys og ASL gje betra legemiddeltrygglei på sjukehuspost.

SAV har i samband med nye system(FarmaPro 5/ Castor) styrka kjedekontoret i FAD. Kjedekontoret skal ta ansvar for versjonsoppdatering, systemdrift, register-vedlikehald og liknande oppgåver som kan avlaste apoteka.

Integrasjon mellom FarmaPro og Oracle vil muliggjøre meir samordna utgåande fakturering. Nytt innkjøpssystem vil endre rutinane for bestilling og godkjenning av inngåande faktura. Begge systema vil påverke korleis ein organiserer dette arbeidet i apoteka.

Det har i periodar vore mindre driftsproblem med FarmaPro 5 i form av lang responstid og dermed ventetid for kundar. I tillegg har ein erfart problem med drifta av betalingsterminalane i alle publikumsekspedisjonane i mars og april. Problema er no løyst.

FarmaPro 5 skal oppgraderast i løpet av året i samband med ny grossistavtale, noko ein forventar vi gje betre driftsstabilitet på dette systemet.

3.2 Utviklingsprosjekt

3.2.1 Verksemdsstyring i SAV

Prosjekt «Verksemdsstyring i SAV» starta i april 2014, og er eit strategisk grep for å auke konkurranseevna gjennom meir målretta bruk av kompetanse i organisasjonen, tydeligare kundefokus og auka effektivitet.

Prosjektleveransen er å modellere viktige verdiskapings-, støtte- og leiings-prosessar i SAV, gjere forbetringar, implementere og auke kunnskapen i organisasjonen på desse områda.

Arbeid med prosessmodellering skjer i arbeidsgruppe og referansegruppe knytt til kvar einskilt prosess. Arbeidsgrupper og referansegrupper rapporterer til prosjektgruppa.

For kvar prosess vert det utvikla mål for leveranse, effektivitet, pasienttryggleik mm. I drifta skal dette kunne målast og gje linjeleiinga grunnlag for stadig forbetring. Prosessmåla skal støtte opp om SAV sine overordna og strategiske mål. IKT-prosessane vert ikkje modellert i prosjektperioden frem til 31.12.2014, men vil bli innarbeidd i 2015.

Prosjektet arbeider tett mot Regionalt arkitekturkontor i Helse Vest (RAK). Helse Vest vurderer å legge om drifta i alle føretaka i retning prosess-styring. Retninga i SAV sitt prosjekt skjer dermed i tråd med utviklinga i Helse Vest.

3.2.2 Miljøsertifisering

Miljøsertifisering er det første området der SAV søker å oppnå ISO-sertifisering.

SAV starta utvikling av system, mål og organisering i desember 2013. Frå februar 2014 vart miljøstyring bygd inn i SAV sin organisasjon og daglege drift, miljøleiar og 5

miljøkoordinatorar utnemnd, opplæring gitt og systemet drifta i 2 månaders tid. I uke 17 og 18 gjorde Det Norske Veritas (DnV) ein planlagt hovudrevisjon. Denne avdekte ei rekke avvik både på praksis og systemsida. Dette var ikkje uventa etter så kort tids praktisk bruk. DnV peika på at SAV sitt system og kunnskapen i organisasjonen var av god kvalitet. Arbeid med å korrigere system og lukke avvik vart sett i gang frå slutten av april.

SAV har sett ei intern frist for å melde til DnV seinast 11. juli. Etter det treng DnV nokre veker før ein kan utstede miljøsertifikat. Vi forventar difor at SAV er sertifisert godt innafor fristen 31. desember 2014.

Prosessen har gitt SAV kunnskap og erfaring knytt til ISO-system generelt. Prosessstyringssystemet er ikkje tenkt ISO-sertifisert, men strukturen vil verte ISO-lik, i tråd med føring frå Helse Vest. Røynsle og struktur frå miljøstyring vil dermed kunne nyttast i inn i prosjekt «Verksemdsstyring i SAV»

3.2.3 Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys

Begge desse prosjekta vart rapportert til styremøtet 8. mai. Dei held fram etter plan, men det er ikkje vesentlige nye resultat å rapportere.


4 Økonomisk utvikling

4.1 Resultat per april

SAV har ved utgangen av april ei samla omsetning på 295,9 mill. Dette er 4,6 mill. under budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 36,4 mill. og 2,6 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 28,9 mill. og 0,5 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,5 mill. og 1,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 1,1mill., noko som er 0,2 mill. under budsjett.

Budsjett overført: 01.06.2014 00:40 - 01.06.2014 01:15 Regnskap overført: 01.06.2014 01:15 Kjørt dato: 01.06.2014 19:03	Akkumulert per 201404							
	Regnskap	Budsjett	Regnskap - Budsjett	Prognose hele året	Budsjett hele året	Prognose - Budsjett hele året	Hittil i fjor	Året - fjorår
Inntekter frå varesalg	266 955	271 121	-4 166	802 422	803 878	-1 456	251 504	15 451
Varekostnader	230 562	232 160	-1 598	689 013	688 556	457	214 545	16 017
Brutto fortjeneste	36 393	38 961	-2 567	113 409	115 322	-1 912	36 959	-566
Brutto fortjeneste %	13,63 %	14,37 %	-0,74 %	14,13 %	14,35 %	-0,21 %	14,70 %	-1,06 %
Inntekter frå tenester	21 306	22 207	-902	66 997	67 836	-839	19 281	2 025
Andre inntekter	7 630	7 179	451	21 862	21 487	375	6 568	1 062
Dekningsbidrag	65 329	68 347	-3 018	202 268	204 645	-2 376	62 808	2 521
Personalkostnader	47 687	49 147	-1 460	139 897	140 846	-949	45 629	2 057
Andre driftskostnader	17 090	18 414	-1 323	54 525	54 855	-330	14 711	2 379
Driftsresultat før finansposter	552	786	-234	7 846	8 944	-1 098	2 467	-1 916
Netto finansposter	558	476	82	1 510	1 428	82	558	0
Resultat	1 110	1 262	-152	9 356	10 372	-1 016	3 025	-1 916
Nøkkeltall:								
Prosentvis endring i inntekter varesalg			-1,5 %			-0,2 %		6,1 %
Prosentvis endring i inntekter frå tenester			-4,1 %			-1,2 %		10,5 %
Prosentvis endring i andre inntekter			6,3 %			1,7 %		16,2 %
Varekost %	86,4 %	85,6 %	0,7 %	85,9 %	85,7 %	0,2 %	85,3 %	1,1 %
Personalkostnad %	16,1 %	16,4 %	-0,2 %	15,7 %	15,8 %	-0,1 %	16,5 %	-0,3 %
Andre driftskostnads %	5,8 %	6,1 %	-0,4 %	6,1 %	6,1 %	0,0 %	5,3 %	0,5 %
Driftmargin %	0,2 %	0,3 %	-0,1 %	0,9 %	1,0 %	-0,1 %	0,9 %	-0,7 %
Resultatmargin %	0,4 %	0,4 %	0,0 %	1,0 %	1,2 %	-0,1 %	1,1 %	-0,7 %

Ei overordna analyse av resultatavviket per april er vist under. Grøn farge tilseier lågare kostnadspådrag eller betre inntening enn budsjett. Raud farge tilseier høgare kostnad eller lågare inntening enn budsjett. God kostnadskontroll innan personal- og andre driftskostnader er ikkje tilstrekkeleg til full ut å kompensere for manglande inntening på varesal (PUB og PRO) og lågare inntekter frå sal av tenester i høve til budsjett.



Resultatet i SAV er som vist spesielt påverka av sal av varer og bruttomargin på varesalet. Varesalet veks med 6,1 % (15,5 mill.) frå fjoråret men er 1,5 % (4 mill.) under budsjett. Bruttomargin på varesalet er 2,6 mill. under budsjett. 0,6 mill. av dette skuldast omsetning bak budsjett og 2,0 mill. skuldast høgare varekost enn budsjettet. Budsjettet og realisert varesal og varekost for dei ulike verksemdsområda fordelt på apoteka er vist nedanfor. Raud farge indikerer negativt budsjettavvik.



Varesal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	132 434	129 419	3 015	60 422	59 813	608	12 333	11 323	1 009	42 610	39 538	3 072	17 070	18 745	-1 675
PUB	95 130	104 089	-8 958	45 053	48 360	-3 307	9 248	11 629	-2 382	25 907	28 995	-3 088	14 922	15 104	-182
PRO	47 500	42 436	5 064	24 817	19 529	5 288	3 629	3 111	518	12 499	11 225	1 274	6 555	8 570	-2 016
Avd 145	4 223	5 395	-1 171	4 223	5 395	-1 171									
SUM	266 955	271 121	-4 166	130 293	127 703	2 590	25 209	26 064	-855	81 016	79 758	1 258	38 547	42 419	-3 872

Varekost %	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	88,3 %	88,5 %	-0,2 %	87,3 %	87,9 %	-0,6 %	88,8 %	89,7 %	-0,9 %	89,3 %	88,7 %	0,5 %	89,1 %	89,2 %	-0,1 %
PUB	87,3 %	86,2 %	1,1 %	87,9 %	86,8 %	1,2 %	82,4 %	84,8 %	-2,4 %	87,2 %	85,7 %	1,4 %	88,4 %	86,4 %	2,1 %
PRO	89,3 %	87,5 %	1,8 %	92,0 %	89,9 %	2,2 %	89,1 %	90,2 %	-1,1 %	81,9 %	79,3 %	2,6 %	93,3 %	91,7 %	1,6 %
Snitt	86,4 %	85,6 %	0,8 %	85,6 %	83,4 %	2,2 %	86,5 %	87,6 %	-1,1 %	86,7 %	85,6 %	1,1 %	88,7 %	88,5 %	0,2 %

Brutto fortj	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	15 474	14 851	623	7 658	7 209	449	1 380	1 171	210	4 578	4 453	124	1 858	2 018	-161
PUB	12 124	14 361	-2 237	5 442	6 399	-956	1 630	1 768	-137	3 325	4 135	-810	1 726	2 060	-333
PRO	5 080	5 318	-237	1 979	1 980	-2	396	303	92	2 265	2 323	-58	442	711	-269
Avd 145	3 714	4 732	-1 018	3 714	4 732	-1 171									
SUM	36 393	38 961	-2 568	15 079	15 588	-509	3 406	3 242	164	10 168	10 912	-744	4 026	4 789	-763

Apotekavansemodellen tilseier at vare-mix er avgjerande for bruttomargin. Innan PUB påverkar sal av andre apotekvarer marginen mykje.

Nedanfor er vist omsetnings- og marginutvikling i PUB. Omsetningssvikten er størst for Rx utan at ein har kome fram til klare årsaker for dette. Marginbildet viser at HV og OTC bidreg med ca. 37 % av samla margin, men utgjer berre 11 % av omsetninga.



Rx=reseptpliktige legemiddlar, Andre = legemiddlar på H-resept og legemiddlar frå andre leverandører enn NMD, HV=Handelsvarer og OTC=reseptfrie legemiddlar.

Omsetning (i tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	61 415	23 238	7 766	2 712	95 130
Budsjett	66 507	26 633	8 185	2 763	104 089
Differanse	-5 093	-3 395	-420	-51	-8 959

Bruttomargin (i tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	6 139	1 318	3 164	1 503	12 124
Budsjett	7 323	2 250	3 243	1 546	14 361
Differanse	-1 184	-932	-78	-42	-2 237

Innan PRO er priser ved LIS skiftet (februar) regulert ned til opprinneleg innkjøpspris. Dette var ikkje føreset i budsjettet. Samla effekt av dette er utrekna til ca. 1 mill. i høgare varekost for 2014.

Inntekter frå sal av tenester veks med 10,5 % (2,0 mill.) frå fjoråret, men er 4,1% (0,9 mill.) under budsjett. I tenester inngår basistjenester frå SHE, produksjon (tilsetnings-)tenester frå PRO og farmasøytiske tenester frå AFT.

Tenestesaal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	3 141	3 649	-508	224	1 397	-1 173	446	386	60	1 416	1 408	8	1 054	457	596
PRO	7 800	7 243	557	4 031	3 462	569	616	628	-11	2 507	2 402	105	647	751	-104
AFT	10 300	11 256	-957	6 515	7 192	-676	897	1 021	-124	1 538	1 530	8	1 349	1 513	-164
SUM	21 306	22 207	-902	10 770	12 051	-1 281	1 976	2 045	-69	5 510	5 390	121	3 049	2 721	328

Innan SHE er det spesielt omfang av ASL i Bergen som skaper avvik mot budsjett grunna feil i føresetnadene for budsjettet (tal timar). Innan AFT skuldast avviket spesielt manglande kapasitet på farmasøytar i Bergen og prisavvik ved sal av tenester til kompetansesentra i Helse Bergen.

Andre inntekter veks med 16,2 % (1,1 mill.) frå fjoråret, og er 6,3 % (0,5 mill.) over budsjett. I andre inntekter inngår mellom anna basispris til produksjon, KLUT-tenester, refusjon av lønnskostnader mv.

Personalkostnader aukar med 4,5 % (2,1 mill.) frå fjoråret men er 1,5 mill. under budsjett. Personalkostnad i prosent av omsetning er redusert frå 16,55 % til 16,1 % på same tid i fjoråret. Ei viktig årsak til at veksten kan takast ut utan tilsvarende auke i bemanning er innføring av ny teknologi og system i ekspedisjonane.

Personalkostnad	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	11 190	10 302	888	4 977	4 567	410	701	928	-227	3 359	3 323	36	2 152	1 484	669
PUB	8 470	8 995	-525	3 641	3 728	-87	958	1 022	-64	2 435	2 676	-240	1 436	1 570	-134
PRO	8 405	9 204	-800	4 165	4 264	-99	617	742	-125	2 946	3 448	-502	677	750	-73
Avd 145	2 484	2 584	-100	2 484	2 584	-100									
AFT	7 875	8 004	-129	4 732	5 210	-478	853	736	116	1 087	1 047	40	1 203	1 011	193
X10	2 809	2 589	221	995	1 003	-9	468	384	84	745	620	125	602	581	21
FAD	6 454	7 469	-1 015												
SUM	47 687	49 147	-1 460	12 783	12 559	224	2 277	2 692	-416	8 740	9 447	-706	4 265	3 803	462

Andre driftskostnader aukar med 16,2 % (2,4 mill.) frå fjoråret, men er 1,3 mill. under budsjett. Redusert kostnadspådrag så langt i år er mellom anna knytt til forsinka start av utvikingsprosjekt og lågare avskrivning enn budsjettet.

Andre driftskostnad	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	1 685	1 783	-98	820	868	-48	219	209	10	414	435	-21	232	271	-39
PUB	1 768	2 017	-248	635	760	-125	220	323	-102	596	566	30	317	368	-51
PRO	1 816	2 010	-194	982	1 122	-140	153	262	-109	521	464	57	160	163	-2
Avd 145	663	731	-68	663	731	-68									
AFT	382	411	-29	148	202	-54	103	90	13	79	79	0	51	40	11
X10	874	1 138	-264	565	723	-157	45	58	-14	223	264	-41	42	94	-52
FAD	9 902	10 323	-422												
SUM	17 090	18 414	-1 323	2 437	2 750	-313	592	793	-201	1 531	1 465	66	709	801	-92

Finansinntekter består av renteinntekter på bankinnskott og ligg på budsjettet nivå. Bankinnskott inngår i Helse Vest si konsernkonto ordning.


Akkumulert resultat og resultatavvik mot budsjett ved utgangen av april for dei ulike verksemdsområder, administrasjon og apotek er vist i tabellar nedanfor. Tal med raud farge indikerer underskot, negativt budsjettavvik eller overforbruk av kostnader.

Alle driftsavdelingar har resultat under budsjett bortsett frå PRO som har høg aktivitet og resultat på 1,2 mill. over budsjett. FAD har kostnader 1,5 under budsjett medan lokale administrasjonsavdelingane (X10) avdelingar har kostnader omtrent på budsjett.

Resultater 2014														
Regnskap vs Budsjett pr 201404														
	SAV		SHE		PUB		PRO		145		AFT		X10 (lokal adm)	
	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik
SIB	1 325	-1 326	567	-757	-852	-723	1 843	802	-280	-848	-67	-192	113	165
SIF	278	535	410	488	-132	61	450	310			-362	-253	-87	-70
SIS	839	-29	614	119	-853	-452	1 239	438			-55	-46	-106	-84
SIH	-793	-929	-336	-193	-733	-140	506	-280			-251	-368	21	31
FAD	-539	1 540												
SAV	1 110	-210	1 256	-343	-2 570	-1 255	4 038	1 270	-280	-848	-736	-859	-59	42

4.2 Prognose 2014

Resultatprognose for 2014 viser resultat på 9,4 mill. som er 1,0 under budsjett. Spesielt volatil varekost gjev prognosen usikker, der 1 % endring i varekost gjev 8 mill. i resultatendring på årsbasis. Det er likevel eit mål for SAV å greie budsjettet for 2014.



Deler av innteninga i SAV er knytt til faste avtalar og vilkår definert i budsjettprosessen for 2014. Dette gjeld spesielt prisar og volum på (det meste av) tenestesalet, prisar og basispris for tilvikring innan PRO og avanspåsleg for legemidlar og andre apotekvarer. Det er difor spesielt fokus på forhold som kan påverkast gjennom året (aktive styringsområde) i kvart verksemdsområde.

Innanfor SHE er det spesielt fokus på å implementere nytt bestillingssystem på sjukehusa (TønSys) og nytt logistikk system (Castor) med omsyn til produktivitet og effektive prosesser. I prognosen for 2014 er det lagt til grunn at begge systema er implementert i løpet av året og prosessar for dette er prioriterte i prosjekt for «Verksemdsstyring i SAV». I tillegg er det fokus på skilje mellom varehandtering (1. linje) og utføring av tenester (2. linje). Det er innført timeføring for levering av tenester i ekspedisjonane. Dette skal gi betre grunnlag for ressursstyring og meir fokus på leveransar til sjukehusa. Avvik i tenester innan SHE skuldast i hovudsak feil i budsjettet med omsyn til tal timer ASL i Bergen.

Innan PUB er det spesielt fokus på varesalet, produkt-mix og service til kundar. Det er sett i verk tiltak innan produktkunnskap (samarbeid med Beiersdorf), salsleing (to salsleiarar i kvart utsal der minst ein er tilstades i sjølvvalet til ei kvar tid), måling og oppfølging av resultat (tavlemøter på vekebasis) vert vidareført. I tillegg er det fokus på utnytting av areal, betre plassutnytting og vareprofilering. Prosessar innan publikum er og prioriterte i prosjektet for verksemdsstyring.

Innan PRO området ventar ein aktivitet på dagens nivå resten av året. Nye lokalar i Haugesund er noko forsinka og vil stå klar i oktober. Sjølv om aktiviteten aukar opplever PRO å ha noko ledig kapasitet. Det vert arbeid med å auke kapasitetsutnytting av kvart apotek.

Innan AFT får ein auka kapasitet med to nye farmasøytar i Bergen frå juli. Det er innført timeføring som skal gje betre grunnlag for ressursstyring. Prognosen for AFT legg til grunn at ein klarer å hente inn ein del av budsjettavviket i løpet av året

Personalkostnader er føresette å ligge på budsjettert nivå ut året. Det er usikkerhet knytt til pensjonskostnader, og då spesielt nye reglar for uførepensjon. Prognosen bygger så langt på budsjettføresetnaden.

Prognosen legg til grunn eit høgare pådrag av kostnader til utviklingsprosjekt (inn-leige) enn så langt i år då fleire prosjekt er no er komne skikkelig i gang. Det er ikkje teke omsyn til at noko av utviklingskostnaden er aktiveringspliktig. Omfang av dette skal avklarast.

4.3 Balanse og kontantstraum

Likviditetsbeholdninga varierer frå månad til månad grunna månadsvis endringar i kapitalbindinga i varelager og fordringar og endringar i kortsiktig gjeld. Det er spesielt registrerings- og betalingstidspunkt for faktura frå grossisten Norsk Medisinaldepot (NMD) som gjev utslag på kapitalbindinga.

Hittil i år er det ein auke i kapitalbindinga i varelager og fordringar med ca. 2,9 mill. Kortsiktig gjeld er økt med 7,5 mill. Til saman gjer dette ein positiv utvikling i likvidar hittil i år på 6,9 mill. Likviditeten er god, med ein arbeidskapital på ca. 96,6 mill. per utgangen av april. Soliditeten i SAV er også god med ein eigenkapitalprosent på 45 %.

BALANSE	31.12.2013	apr.14
Anleggsmiddel	22 377	22 740
Varelager	35 134	36 293
Fordringar	80 643	82 403
Betalingsmiddel	81 501	88 413
Sum omløpsmiddel	197 278	207 109
Sum egedelar	219 655	229 849
Eigenkapital	102 459	102 459
Resultat hittil i år		1 110
Pensjonsforpliktning	8 850	10 710
Langsiktig gjeld	5 368	5 101
Kortsiktig gjeld	102 978	110 469
Sum eigenkapital og gjeld	219 655	229 849
Akkumulert endring i kontantstraum		
Resultat hittil		1 110
Endring omløpsmidler		-2 919
Endring i kortsiktig gjeld		7 491
Endring avsetning til forpliktelse		1 860
Avskrivninger		1 319
Investeringer		-1 682
Økt finansielle anleggsmidler		0
Nedbetaling langsiktig gjeld		-267
Endring i kontantstraum		6 912